

MEDDOMMARAR OG SKJØNNSMEDLEMER FRÅ FUSA

Kommunestyret i Fusa skal kvart fjerde år oppnemna meddommarar (også kalla lekdommarar) og fremja forslag til skjønnsmedlemer.

Arbeidet med å oppnemna meddommarar for perioden 01.01.2017 - 31.12.2020 er i gong:

Fusa kommune skal oppnemna

- 6 kvinner og 6 menn som meddommarar til tingretten
- 3 kvinner og 3 menn som meddommarar – lagrettemedlemer til lagmannsretten
- 7 kvinner og 7 menn som jordskiftemeddommarar

Fusa kommune skal fremja forslag på

- Skjønnsmedlemer. Fylkeskommunen skal så velja 6 skjønnsmedlemer frå Fusa. Begge kjønn bør vera godt representert.

Ingen kan veljast både til lagmannsretten og tingretten. Personar som vert valde til lagmannsretten eller tingretten er valbare som meddommarar til jordskifteretten og som skjønnsmedlemer.

Er du interessert i slike verv? Eller kjenner du nokon andre som kan vera kandidatar?

Informasjon om oppgåver, oppnemning av meddommarar og skjønnsmedlemer:

1.

a)

Meddommarar og lagrettemedlemer

Fusa kommune skal oppnemna

- **6 kvinner og 6 menn som meddommarar til tingretten**
- **3 kvinner og 3 menn som meddommarar – lagrettemedlemer til lagmannsretten**

Kva er ein meddommar?

Meddommar er ein ikkje juridisk utdanna person som saman med fagdommar er med på å avgjera rettssaker. Som meddommar kan du rekna med å verta innkalla ca to gonger i året, men dette kan variera. Dei fleste rettssakene varer frå ein dag til tre dagar. Nokre rettssaker kan vara i fleire veker.

Vervet som meddommar

Du er ein av to lekdommarar som skal døma i straffesaker/meddomsrett og nokon sivile saker saman med ein fagdommar.

Vervet som lagrettemedlem i lagmannsretten

Ankeforhandling i straffesak/meddomsrett og nokon sivile saker:

Du er ein av 4 meddommarar som skal døma i straffesaker saman med 3 fagdommarar.

Ankeforhandling med lagrette (jury):

Du er ein av 10 lagrettemedlemer som dømmer i straffesaker saman med 3 fagdommarar.

Tilbakemelding frå domstolane våre før oppnemning av nye meddommarar og lagrettemedlemer. Meddommarane og lagrettemedlemer vert brukt til:

- Alle typar straffesaker og mange saker er belastande.
- Meddommarar vert trekt maskinelt, dvs. at domstolen ikkje kan velja kven som skal gjera teneste i den enkelte sak.
- Meddommarane bør difor vera rimeleg robuste.

Kven kan veljast?

[Domstollova § § 67 – 79](#) har reglar for oppnemninga og kven som kan veljast til meddommar og lagrettemedlem:

Generelle krav

Personar utelukka på grunn av stilling

Personar utelukka på grunn av vandel

Generelle krav

Personleg eigna

Med ”personleg eigna til oppgåva” meiner ein at du m.a. må kunne følgja forhandlingane i retten, forstå dei problemstillingane saka reiser, ta stilling til problemstillingane og gje uttrykk for meininga di. Den som vert valt, må også følgja opp innkallingar og kunna innretta seg etter reglar for når det kan stillast spørsmål.

Aldersgrense

Du må vera mellom 21 og 70 år i starten på valperioden; vera fødd etter 31.12.1946 og før 01.01.1996.

Norskkunnskapar

Det er eit vilkår at du har tilstrekkelege norskkunnskapar.

Økonomiske tilhøve

Du kan ikkje vera under offentleg gjeldsforhandling eller konkursbehandling eller i konkurskarantene. Jf. domstolslova § 70 nr 3.

Andre krav er m.a. at

Du må ha røysterett samt stå innført i folkeregisteret i Fusa kommune på valdagen.

Kommunen må også ta omsyn til etnisk bakgrunn og kultur, og syta for at samansetjinga av utvala så langt mogeleg representerer eit gjennomsnitt av innbyggjarane.

Utelukka frå val på grunn av stilling :

Du kan ikkje vere representant i Stortinget, fylkesmann, dommar, tilsett i politiet og kriminalomsorga, ha avgrensa politimynde, vera advokat, kommunal administrasjonssjef m.m. [Sjå utfyllande krav i domstollova § 71.](#)

Utelukka frå val på grunn av vandel :

Det er no strengare krav til vandel. Det er ikkje berre type straff, men også lengda på straffa som er avgjerande for kor lenge ein person er utelukka.

Du kan ikkje vere straffedømt, bøtelagt (gjeld ikkje forenkla førelegg) eller sikta. [Sjå utfyllande krav i domstollova § 72.](#) Vandel vert sjekka hos politiet.

Rettar

Vervet som meddommar er ei samfunnsplikt. Du har møteplikt. M.a. får du vanlegvis fri frå ordinært arbeid for å utføra vervet. Får du tapt arbeidsforteneste, vert det gitt erstatning etter gjeldande satsar.

Informasjonsmøte i domstolane

Tingretten og lagmannsretten vil arrangera informasjonsmøte for nye meddommarar og lagrettemedlemer i januar 2017 der tema vert rettssystemet, rolla og oppgåvene.

Meir utfyllande informasjon om reglar for oppnemninga finn du i vedlagde notat frå domstolsadministrasjonen og på heimesida til www.domstol.no under [leddommar](#).

b)

Jordskiftemeddommarar [jf. jordskiftelova § 2-5](#)

Fusa kommune skal oppnemna

- 7 kvinner og 7 menn som jordskiftemeddommarar

Jordskiftedomstolane er særdomstolar som arbeider med saker heimla i jordskiftelova.

Arbeidsoppgåvene er i hovudsak omforming av eigedomar, tilrettelegging for samarbeid på tvers av eigedomsgrenser, klarlegging av rettsforhold til fast eigedom, fastlegging av eigedomsgrenser og ulike skjønn.

Oppgåvene har gradvis endra seg frå berre å omfatta oppløysing av realsameige og landbrukseigedomar, til å kunne løyse problem for alle som disponerer eigedom i Noreg. Jordskiftelova er vorten endra slik at alle verkemidla no også kan brukast i byar og tettstader.

Kven kan veljast?

[Domstollova §§ 67 – 79](#) gjeld også for denne oppnemninga og kven som kan veljast til meddommar:

Lagrettemedlemmer og meddommar er ikkje fritatt for val av jordskifteutval.

Kompetanse

Dei som er med i utvalet skal vera kunnige i saker jordskifteretten til vanleg har i kommunen. Endra regelverk fører no til at i enkelte saker kan jordskifte skje i kombinasjon med skjønn. Dette gjer at jordskifteretten ønskjer auka skjønnskompetanse hos meddommarane. I slike tilfelle kan det vera gunstig om det er enkelte av jordskiftemeddommarar som også er skjønnsmedlemer. Det er ønskjeleg at ca 4 av jordskiftemeddommarane også er skjønnsmedlemer.

I dei fleste av sakene er det synfaring i skog og mark. Meddommarane må derfor ha normalt god helse og kunna ta seg fram i terrenget.

2.

Skjønnsmedlemer – jf. skjønnssprosesslova § 14

Fusa kommune skal fremja forslag på

- **Skjønnsmedlemer. Fylkeskommunen skal så velja 6 skjønnsmedlemer frå Fusa. Begge kjønn bør vera godt representert.**

Kven kan veljast?

Faglege kvalifikasjonskrav følgjer av skjønnssprosesslova. [Domstollova §§ 67 – 79](#) gjeld også for denne oppnemninga og kven som kan veljast til meddommar:

Unntak: Den øvre aldersgrensa på 70 år gjeld ikkje for skjønnsmedlemer.

Det er heller ikkje er krav om fordeling mellom menn og kvinner. Begge kjønn bør vera godt representert.

Kompetanse

Fleire domstolar har gitt uttrykk for at dei i liten grad har bruk for skjønnsmedlemer med alminneleg kompetanse. Domstolane treng personar med innsikt i bygningsvesen og jord- og skogbruk. Det er også gitt uttrykk for at det er viktig med kompetanse knytt til ulike sider av bruk og drift av fast eigedom samt rekneskap.

Kontaktinformasjon

Har du spørsmål, ta kontakt med spesialrådgjevar Gunn Sissel Teigen på e-post:

gst@fusa.kommune.no, tlf. 40 41 55 58 eller 56 58 01 00.

Vil du vera kandidat til meddommar i tingretten, meddommar og lagrettemedlem i lagmannsretten, jordskiftemeddommar eller skjønnsmedlem for Fusa kommune i perioden 01.01.2017 – 31.12.2020?

Ingen kan veljast både til lagmannsretten og tingretten. Personar som vert valde til lagmannsretten eller tingretten er valbare også som meddommarar til jordskifteretten og som skjønnsmedlemer.

Skriv kva type verv du ønskjer å vera kandidat til:

Skjema for utfylling av opplysningar finn du her:

Namn (heile namnet)	
Adresse	
Evt. Postboks Postnummer og poststad	
Fødselsdato	
Dersom du sender pr brev i ordinær post eller leverer det i Kommunetunet skriv inn fødselsnr	
Telefon og mobil	
Telefon jobb	
E-post	
Yrke (utdanning)	
Stilling	
Meddommar tingretten	
Meddommar/lagrette- medlem i Lagmannsretten	
Jordskifteretten Skriv evt også kva du er særskilt kyndig i	

<p>Skjønnsmedlem Skriv også kva du er særskilt kyndig i (særleg trong for personar med innsikt i bygningsvesen, jord- og skogbruk, kompetanse knytt til ulike sider av bruk og drift av fast eigedom samt rekneskap.</p>	
<p>Har du fleire opplysningar eller grunngjeving, skriv meir utfyllande her eller på eit vedlegg.</p>	

Fyll ut skjemaet med opplysningar/eller skriv det direkte inn i e-posten og send meldinga om at du ønskjer å vera kandidat:

På e-post til postkasse@fusa.kommune.no

eller pr post til
Fusa kommune
Eining for samfunnsutvikling, økonomi og service
Postboks 24
5649 Eikelandsosen,

eller lever det i ekspedisjonen i KommuneNet, Eikelandsosen

Frist: Innan utgangen av 11.04.2016